



Styre/råd/utval	Møtedato	Saknr
Fellesnemnd for den nye kommunen	16.11.2018	64/18
Partssammensatt utval for den nye kommunen	16.11.2018	31/18

Saksansvarleg: Kristin Karlbom
Dahle

Arkiv: K1 - 141, K3 - &10, K1 - 020 Arkivsaknr.: 17/2804

Samfunnsdel av kommuneplan for Midt-Telemark kommune. 1.gongs behandling

Rådmannen tilrår:

Forslag til samfunnsdel av kommuneplanen for Midt-Telemark kommune 2019-2031 (interkommunal kommuneplan for Sauherad og Bø kommunar) blir lagt ut til offentleg ettersyn jf. plan- og bygningslova §11-14.

Opplegg for medverknad i høyringsperioden vert gjennomført i tråd med saksomtala.

Bakgrunn for saka:

Formålet med planarbeidet er å få eit felles overordna styringsdokument for dagens Sauherad og Bø kommunar, som dannar eit heilskapleg og solid fundament for ein langsiktig og bærekraftig samfunnsutvikling i nye Midt-Telemark kommune. Planen skal vere politisk og administrativt styringsverktøy med overordna mål og strategiar som gir klare prioriteringar og gjer kommunen pårekneleg i dialog med omverden. Planen omfattar både Midt-Telemark kommune som lokalsamfunn og som kommuneorganisasjon og har ein arealstrategi som dannar grunnlag for utarbeiding av arealdel av kommuneplanen for Midt-Telemark kommune.

[Planprogram](#) for prosessen vart vedtatt av fellesnemnda 16.3.18 (sak 16/18). Etter dette har utkast til mål og strategiar har vore drøfta i fellesnemnda i to møte, 24.8.18 (sak 43/18) og 19.10.18 (sak 57/18). Planen blir no lagt fram til 1.gangsbehandling før den leggest ut til offentleg ettersyn.

Vedlagt følgjer forslag til samfunnsdel av kommuneplanen for Midt-Telemark 2019-2031. Finpuss på tekst og layout er ikkje ferdig, men innhaldet i visjon, mål og strategiar leggest fram til behandling. Vedlagt følgjer også ei planomtale som skildrar prosess, langsiktige utfordringar og utdjuvar planforslaget. Som vedlegg til planomtala følgjer m.a. referat frå opne møte, referansegruppemøte og skriftlege innspel.

Innspel

Ved varsel om oppstart av planarbeidet og høyring av planprogrammet kom det inn 6 innspel (samla i vedlegg 5 til planomtala). Den delen av innspela som gjaldt planprogrammet vart oppsummert og kommentert i saka som vart lagt fram for fellesnemnda ved fastsetting av planprogrammet (sak 16/18). Nedanfor er innspel til sjølve planen oppsummert og kommentert.

1. **Fylkesmannen i Telemark** peikar på at det er viktig å sjå samanheng mellom samfunnsdel og arealdel ved at samfunnsutviklinga som samfunnsdelen legg opp til legg føringar for framtidig arealbruk. Samfunnsdelen må difor innehalde vurderingar av forventa utvikling, og alternative strategiar for framtidig utbyggingsmønster må drøftast. Fylkesmannen meiner det er veldig bra at planen skal innehalde arealstrategiar. Bø og Sauherad har svært ulik senterstruktur, og felles strategi for senterstruktur vert viktig i planen. Eit viktig grunnlag for dette arbeidet er befolkningsutvikling og befolkningsansamling, og kva bustad- og arealbehov dette vil gje. Strategiar for redusert transportbehov og attraktive tettstader vil vere viktige føringar for framtidig arealdel. Effektiv arealbruk er beste jordvern, og fortetting må skje med kvalitet for å få attraktive, klimavenlege tettstader. I nye *statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing i kommunane* heiter det at samfunnsdelen skal inkludere ei vurdering av om klimaendringar vil påverke langsiktige utfordringar, mål og strategiar. Vurderinga skal skilje mellom forhold av betydning for arealdelen, forhold av betydning for kommunesamfunnet som heilskap og kommunen som organisasjon. Vidare seier retningslinjene at kommunen skal vurdere korleis endringar i klima kan påverke samfunnsstryggleik, kritisk infrastruktur, naturmiljø, helse og næringer. Fylkesmannen peikar på at arealstrategien må innehalde strategi for langsiktig forvaltning av naturområda. Planen bør ha klare mål for korleis barn og unge i ny kommune skal ha det, dette er også viktig tema i arealstrategien. Midt-Telemark kommune vil bli den kommunen i Telemark med størst jordbruksareal, og det er viktig å planlegge for vekst i framtida. Fylkesmannen forventar at landbruket vil ha ein viktig plass i areal- og samfunnsutvikling og at også produktiv skog og beiteområde takast med og oppmodar til å nytte "Jordvettreglar for Telemark". Midt-Telemark har, og vil få, utfordringar innanfor samfunnsstryggleik og beredskap når det gjeld veg, jernbane, vassdrag, sesongprega turisme og skred, kvikkleire og flaum. Klimatilpassing bør vektleggast i planen, basert på oppdatert fagkunnskap. Kommunen bør og sette fokus på "tilsikta hendingar" og ha ein grunnberedskap for dette. Beredskapskoordinator bør takast inn i planarbeidet. Fylkesmannen peikar på kommunen sitt ansvar for å skape trivsel, meistring og helse i befolkninga.

Kommentar

Samanhengen mellom mål og strategiar og arealbruk har vore eit sentralt tema i planarbeidet, og er konkretisert i ein arealstrategi i 10 punkt. Med ulik senterstruktur i dagens to kommunar, har dette temaet vore viktig i drøftinga av korleis Midt-Telemark kommune skal utviklast. Sjå planomtala for konkretisering av vurderingane som er gjort med omsyn til befolkningsutvikling, framtidig bustadbehov og utbyggingsmønster. Landbruksnæringa er trukke fram med eget mål i planforslaget. Planen har mål om kompakt utbyggingsmønster, og arealstrategi som skal sikre både dyrka og dyrkbar mark, kulturlandskap og naturmangfald. Reduksjon av transportbehov med bil er vesentleg både for folkehelse og reduksjon av klimagassutslepp, og planen legg opp til at vekst i persontransport skal skje med gange, sykkel og kollektiv. Sjå planomtala for vurdering av konsekvensar av klimaendringane. Beredskap og samfunnsstryggleik har fått ein eigen målformulering i planen, men strategiar for å nå målet. Beredskapskoordinator har vore ansvarleg kommunalsjef for planarbeidet. Sauherad og Bø kommunar har starta arbeidet med felles overordna ROS-analyse og beredskapsplan, og temaet vil bli meir konkretisert i denne.

2. **Telemark fylkeskommune** kommenterer tema folkehelse og kulturminne. Innanfor temaet «tidleg innsats innanfor helse og oppvekst» er det viktig å sjå på utfordringane innan levekår, psykisk helse og sosiale skilnadar i helse i dei to kommunane. Planarbeidet kan vere eit høve til å etablere eit

meir systematisk folkehelsearbeid for å møte utfordringane. Lov om folkehelse krev at kommunen skal ha ein skriftleg oversikt over helsetilstanden hjå innbyggjarane, og denne skal ligge til grunn for kommuneplanen. Ungdata 2018 kan vere eit relevant kunnskapsgrunnlag og grunnlag for medverknad med barn og ungdom. Regional plan for folkehelse 2018-2030 vil vere førande for planarbeidet. Fylkeskommunen tilrår å trekke inn satsing på materiell og imateriell kulturarv som del av mål og tiltak, og som delgrunnlag for vekst. Samfunnsdelen bør omtale og vise vilkje til bruk av Midt-Telemark si rike kulturarv. Ei utgreiing om dette i ein kulturminneplan kan vere eit nyttig verktøy for prioriteringar og satsingar. Kulturarv kan nemnast som faktor i bustadpolitikken, der attraktiviteten aukar når bustader etablerast i nærleiken av verneverdige bygg og andre kulturminne. Bruk av eksisterande verneverdige bustader gir meirverdi. Kulturarv kan nyttast strategisk i barnehagar og skular for å skape identitet og bør nemnast som ein viktig faktor for utvikling av reiselivet i kommunen, da kultur- eller naturarv ligg til grunn for det meste av reiselivet. Tilrettelegging for bruk av kulturminne gjennom skilting og skjøtsel kan inngå i satsing på folkehelse eller turisme.

Kommentar

Folkehelsekoordinator har vore med i prosjektgruppa for planarbeidet, og både oversikt over folkehelsetilstanden og Ungdata 2018 har vore sentralt i planarbeidet. Sjå planomtala med vedlegg for oversikt over folkehelsetilstanden og resultat av Ungdata 2018.

Ungdsområda i båe kommunane har vore involvert i arbeidet.

Sauherad og Bø kommunar har nyleg utarbeidd ein felles kulturminneplan, der det er utarbeidd mål og strategiar for forvaltning av materiell og imateriell kulturarv. I forslag til samfunnsdel, er det eit mål om at Midt-Telemark skal vere ein av landets fremste kulturkommunar. Under dette målet er formidling og ivaretaking av kulturarven tatt inn som eigen strategi.

- 1. Midt-Telemark næringsutvikling** gir innspel på bakgrunn av analyser frå Telemarkforskning, erfaringar frå bedriftsbesøk og innspel frå næringslivet. USN er ein motor for utvikling i Midt-Telemark, det er behov for å satse på tilrettelegging for USN, samspel mellom næringsliv og USN og samlokalisering av næringslivet i kunnskapsmiljø. Stadutvikling og tilrettelegging for næringsliv er viktig på stader ein ønskjer aktivitet. Det er i dag mange tomme vindu i Gvarv sentrum, men det vert vurdert å etablere cideri her. Gvarv kan bli eit framtidig norsk senter for fruktdyrking, foredling og besøksdestinasjon, og det bør planleggast for dette. For å ivareta framtidig behov for næringsareal, bør ein vurdere å utvide industriareal til fram til Steinsenteret. Eit forprosjekt som vurderer etablering av ny travbane for Telemark i tilknytning til Bø Sommarland/Bø camping/Høyt og lavt/Telemarkshallen er under utarbeiding. Dersom dette blir aktuelt, bør trafikkbelastning og parkering vurderast. Auka interesse for reeminerale i Fensfeltet og næringslivsetableringar i tilknytning til dette kan påverke næringslivet i nabokommunane. Det bør kartleggast og leggast til rette for auka mineralutvinning, da mineraler vert viktig som innsatsfaktor i nye miljøvenlege produkter og viktig i omstilling til grønne næringar. Tilrettelegging for uttak av sand og infrastruktur for transport er viktig for det betydelege industrimiljøet knytt til betongproduksjon. Det bør leggast til rette for at store bedriftene med mange tilsette kan fortsette å vekse, og på næringar der det er naturgitte føresetnader for å bli gode. Foredling, vidareutvikling og utvidingar innanfor fruktnæringa er døme på dette. Det same gjeld reiseliv, besøksnæringar, steinindustri og anna industri knytt til naturressursar. For reiselivet er det viktig at besøkande får gode opplevingar (skilting, innbydande

areal, handelstilbud og sentrumsutforming) for å kome tilbake. God infrastruktur er viktig for effektiv logistikk. Mykje av produksjonen i Midt-Telemark eksporterast ut av området med store bilar, og entreprenørverksemd er avhengig av vegar med høg aksellast.

Kommentar

MTNU trekk fram USN som motor for utvikling i Midt-Telemark og behovet for samarbeid og samlokalisering med næringslivet. Planen har mål om at Midt-Telemark skal vere ein aktiv vertskommune for USN og at kommunen, næringsliv og utdanningsinstitusjonane saman skal stimulere til innovasjon og nyskaping. I fleire av strategiane er det fokus på samarbeid mellom kommune, næringsliv og USN og vidareutvikling av Camus Bø og etablering av forskningspark er konkretisert. Planen leggje opp til vidareutvikling av Bø sentrum som regionsenter og til å prioritere Gvarv som lokalsenter i ny kommune. Landbruksnæringa er trukke fram med eit eige mål om innovativ landbruksnæring, med strategiar m.a. om samarbeid med kompetansmiljø og vidareutvikling av fruktdyring og vidareforedling. Planen her som mål at Midt-Telemark skal vere eit attraktivt reisemål med Bø Sommarland og Telemarkskanalen som fyrtårn og strategiar som støtter opp om dette. Innspelet om behov for utviding av industriareal på Brenna må vurderast ved rullering av arealdelen, det same gjeld innspel om Bø Arena og areal for sanduttak. Under mål om arbeidsplassutvikling ligg det strategi om å prioritere utviklingsprosjekt og samhandling med eksterne miljø. Om kartlegging av mineraler kan vere eit aktuelt prosjekt her, bør vurderast i strategisk næringsplan. MTNU peikar på at næringslivet har mykje eksport ut av området på store bilar og har behov for kontinuerleg utbetring av vegnettet. Tidleg innsats er ein raud tråd i planforslaget, og det er også lagt inn ein strategi om at kommunen skal prioritere vedlikehald av eksisterande bygg og anlegg.

Innspelet frå **Statens vegvesen, Miljøpartiet de Grønne Midt-Telemark og Bø idrettsråd** gjeld berre planprogrammet og er difor ikkje oppsummert og kommentert her.

Skriftlege eksterne innspel som har kome inn etter at fristen for innspel gjekk ut og planprogrammet vart fastsett, er samla i vedlegg 6 til planomtala. Dette gjeld innspel frå Bø kulturnettverk, Sauherad historielag, Visit Bø og Akkerhaugen vel.

Vidare prosess

Planforslaget leggst no fram til 1.gangsbehandling i fellesnemnda med tilråding om at forslaget leggas ut til offentleg ettersyn jf. plan- og bygningslova §11-14.

Planprogrammet er ambisiøst når det gjeld opplegg for medverknad i høyringsperioden. På bakgrunn av at det gjennom planprosessen har blitt lagt ned betydeleg ressursar i opne møte og medverknadsprosessar både ovanfor innbyggjarar, politikarar og tilsette, vil rådmannen tilrå eit enklare medverknadsopplegg i høyringsperioden. Jf. planprogrammet skal det gjennomførast tematisk kafémøte i regi av fellesnemnda og hovutuvala i høyringsperioden. I staden for fleire kafémøte vert det foreslått å invitere til ope kontor på kommunehusa i Sauherad og Bø i høyringsperioden der interesserte kan kome innom og få presentert planforslaget. Ifølgje planprogrammet skulle det også vore gjennomført nye møte i referansegruppene i høyringsperioden, men sidan gruppene i siste møte fekk høve til å gje innspel til så godt som ferdig utarbeidd planforslag, vert det foreslått at nye møter i referansegruppene ikkje blir prioritert.

Etter høyringa vil uttalen til planforslaget bli lagt fram til endeleg godkjenning i kommunestyra i februar.

Samfunnsdelen skal ha ein handlingsdel som viser korleis planen skal følgast opp dei fire påfølgande åra. Denne skal reviderast årleg. Det planleggast for at økonomiplanen for Midt-

Telemark etter kommunelova skal inngå i den fireårige handlingsdelen frå og med 2020, det første året med felles budsjett for ny kommune.

Vedlegg:

08.11.2018	Samfunnsdel av kommuneplan for Midt-Telemark 2019-2031	411095
08.11.2018	Planomtale samfunnsdel av kommuneplan for Midt-Telemark 2019-2031	411068
06.11.2018	Vedlegg 1 Innspelsrapport folkemøter, ungdomsråd og torgdag 061118	410831
08.11.2018	Vedlegg 2 Referat referansegruppemøter	411053
08.11.2018	Vedlegg 3 Kunnskapsgrunnlag - oversikt 081118	411054
07.11.2018	Vedlegg 4 Areal- og transportanalyse Bø og Sauherad	410937
06.11.2018	Vedlegg 5 Innspel ved varsel om oppstart og høyring av planprogram	410797
06.11.2018	Vedlegg 6 Skriftlege innspel etter at planprogrammet vart vedtatt	410814
06.11.2018	Vedlegg 7 Innspel frå folkevaltprogram for kommunestyra i Sauherad og Bø	410845